

Høyringsuttale frå Utdanningsforbundet i Lom i høve skulestrukturen i Innlandet

I fylkeskommunedirektørens innstilling til vedtak i saka om framtidig skule- og tilbudsstruktur er skulestad Lom er føreslått lagt ned i alle tre forslaga. Det har utløyst eit imponerende og rørende engasjement der både privatpersonar, politikarar, næringsliv og andre instansar har uttala seg til støtte for Lom.

Utdanningsforbundet i Lom meiner den sterke oppslutninga rundt skulen er vel fortent, både sett i forhold til faglege, psykososiale, økonomiske og kompetansemessige grunnar. Vi har sett oss godt inn i saksframlegget, og vil kome med nokre kommentarar til framstillinga av skulestad Lom slik innstillinga legg det fram. Vi har også nokre andre synspunkt vi vil leggje fram som vi tenkjer er viktig for at politikarane skal kunne ta ei best mogleg avgjersle.

For det fyrste vil vi kommentere den forventede elevtalsutviklinga. Her blir Nord-Gudbrandsdalen sett under eitt. No er det slik at avdelinga i Lom i hovudsak rekrutterer elevar frå Skjåk, Lom og Vågå. Om ein ser på tala frå desse kommunane, vil ein sjå at elevtala held seg stabile så langt fram som statistikken går. I framstillinga visast det til at årets søkjartal er ein del lågare enn åra før, men det nemnast ikkje at det allereie neste år vil vere eit rekordhøgt elevtalsgrunnlag. Dette er etter vårt syn ein særskilt kritikkverdige og snever bruk av talmateriale. Her hadde det vore betre om ein hadde sett meir heilskapleg og langsiktig på prognosane for å ta best moglege avgjersler, noko vi har inntrykk av at fylkeskommunen ynskjer å oppnå. I kommunelova §13-1 står det at "Kommunedirektøren skal påse at saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet. Utredninga skal gi et faktisk og rettslig grunnlag for å treffe vedtak." Det reelle elevgrunnlaget syner at søknaden til skulestad Lom med stort sannsyn ikkje vil gå ned i det heile dei neste 14 åra. Sidan elevtalsnedgang er bakgrunn for heile denne prosessen, meiner vi at det er urimeleg og beint fram stuttstøtt å føreslå å leggje ned ein skulestad der det både er godt og stabilt elevgrunnlag.

Eit anna argument som blir brukt i saksframlegget er at storleiken på skulestad Lom «gir et lite fag- og skolemiljø for lærere og elever.». Dette er ein objektiv observasjon basert berre på det spede talgrunnlaget nemnt ovanfor, og det faktum at vi «berre» har byggfag som yrkesfag. Det som derimot ikkje er nemnt, er at det på byggfag kvart år er skyhøge resultat, både når det gjeld faglege (eksamens)resultat, talet på elevar som kjem ut i lære (formidling av læreplassar er på 100% i Lom), gjennomføringsgrad og attendemelding frå lærebedrifter. Byggfagelevar frå Lom har rykte på seg for å vere gode arbeidstakarar med både stor arbeidskapasitet og god arbeidsmoral, og er ettertrakta som lærlingar. Dette ser vi også til dømes gjennom lesarinnlegget og høyringsuttala frå 22 ulike bedrifter frå Nord-

Gudbrandsdalen, der desse skriv om viktigheita av å bevare den vidaregåande skulen og byggfagavdelinga i Lom. Dette slår beint i hel at skule- og fagmiljøet er «skrøpeleg», slik saksframlegget insinuerer. Vi ser det på motsett vis; I Lom er fagmiljøet høgkompetent og oversiktleg nok til at alle lærarane, både innan fellesfag, programfag og yrkesfag kan samarbeide til ein kvar tid. Alle dei tilsette er på dei same møta, saman med dei same elevane og står saman om å sikre elevane best mogleg opplæring og støtte, både fagleg og sosialt. Slik blir det gode resultat og god trivsel av!

Vi høyrer med bekymring om skremmande låg gjennomføringsgrad ved mange skuler og programområde i heile landet. Ei konkret målsetting for Innlandet og også nasjonalt, er at flest mogleg skal fullføre og bestå vidaregåande opplæring. Tala som vart publisert i 2022, som gjeld elever som starta på Vg1 fyrste gong i 2015, syner ein gjennomføringsgrad på 80% i Innlandet, og 80,4 for heile landet. Dei siste seks åra syner dei same tala frå Lom ein gjennomføringsgrad på mellom 95,1 og 100%. Som alle andre tal, skal ein sjå på desse tala med kritiske briller, men samstundes er dette eit objektivt mål på ein kompleks og heilskapleg prestasjon. Det er eit faktum at elevane hjå oss i stor grad er lokale, og at difor kan bu heime medan dei går på vidaregåande. Dei som ynskjer seg andre utdanningar og retningar flyttar på hybel, og motivasjonen og statistikken for å lykkast er stor da dei sjølve har valt å flytte. Dersom avdelinga i Lom blir lagt ned vil mange av dei 100 elevane verte tvungne til å flytte på hybel. Dette kan likestillast med at vi vaksne blir tvungne til å vekependle for å få eller behalde arbeidet vi vil ha. Er det ei god løysing, og kva gjer det med motivasjonen til elevane? Gjennomføringsgraden og resultatata elles ved den vidaregåande skulen i Lom kjem av at elevane kan velje å bu heime, og det handlar om solid samarbeid i alle ledd og mellom ulike instansar og aktørar, høg kompetanse og fagleg og pedagogisk fleksibilitet, eit ynskje blant både tilsette og elevar om å strekkje seg langt og sikte høgt, og ikkje minst ei haldning til kvarandre som gjev rom for individet, men plass til alle i fellesskapen.

I Lom har vi plass til og ynskje om å inkludere elevar som treng meir hjelp og tilrettelegging enn andre, og det gjev oss mykje gjensidig glede. Samstundes utløyser det sjølvstøtt eit auka behov for ressursar, og det er viktig at desse elevane får det dei treng. Dei har rett på og fortener eit tilbod på vidaregåande skule saman med jamaldrande, i eit miljø som liknar mest mogleg på det dei møter utanfor skuleveggane. Opplæringslova §8.2 slår fast at «Alle elever har rett til å tilhøre et klassemiljø». Det gjer dei her. Til dømes er dei inkludert i den suksessrike årlege russerevyen, til stor glede for både dei sjølve, dei andre elevane og publikum. Om det ikkje lenger blir eit skuletilbod for desse elevane i Lom, vil fleire av dei miste moglegheita til å gå på ein vidaregåande skule. Det er ikkje alle som kan ta buss i ein til to timar to gongar om dagen, og da blir alternativet ofte eit tilpassa opplegg på grunnskulen eller i andre instansar. Da mistar elevane tiltrengt sosialt samvær og pedagogisk opplegg saman med jamaldrande, og dei får ikkje miljøskifte. I Lom ynskjer vi eit såkalla «tulipansamfunn» der vi står tett kring kvarandre, slik at dei som treng litt ekstra støtte får

det. Dette gjeld like mykje dei ordinære elevane som spesialelevane våre. Utan vidaregåande i Lom er vi redd mange av blomane våre vil visne og falle frå.

Det heilskaplege og tverrpolitiske forslaget som vart vedteke på møtet i Hovedutvalg for utdanning gjev von om ein meir heilskapleg og grundig debatt rundt den framtidige skule- og tilbudsstrukturen i Innlandet. Om ein skal lage ein god og langsiktig struktur lyt ein sjå på alle ledd og moglegheiter, og ikkje berre «dytte alt mot midten» under dekkje av å oppretthalde flest mogleg tilbod. Vi har saman ansvar for å gje elevane våre, og framtida vår, moglegheiter i alle delar av fylket. Ein prosess som dette, med langsiktige og høge mål når det gjeld kvalitet og fleksibilitet, må baserast på eit breitt grunnlag av alle dei relevante faktorane. Ein heilskap av kompetanse, resultat på alle plan, langsiktige elev- og søkjartal, næringslivsinteresser, moglegheit for lærlingplassar og psykososiale faktorar må samanfattast slik at vi kan nytte og styrkje ressursane i heile fylket på best mogleg vis. I tillegg må politikarane sjølv sagt ta omsyn til flatedekking i eit fylke så stort som Innlandet. Dei færraste vaksne vil eller klarar å køyre fleire timar om dagen til og frå arbeid, det gjer heller ikkje ungdomane våre. Dei fortener å behalde tilbod i sitt relative nærmiljø! Vi set vår lit til at politikarane klarar å sjå og fokusere på dette, sjølv om det blir (og allereie er) harde tak. Skulestad Lom er open for og velviljug til å ta imot fleire elevar og studieprogram, både innan studiespesialisering og yrkesfag. Dette har også næringslivet, kommunane og lokalmiljøet elles eksplisitt uttala og etterspurt gjennom mange år, og mange sterke kreftar ynskjer å satse vidare på den vidaregåande skulen i Lom på bakgrunn av dei gode resultatane og den unike posisjonen og kompetansen staden har. Vi vonar politikarane ser innspela som kjem frå desse aktørane i heilskap, og grip dei moglegheitene dette gjev for fylket og skulen. Den lokale viljen, kompetansen og moglegheitene er på plass. Om fylkeskommunen vil, er vi klare.

Utdanningsforbundet i Lom v/styret